

# REFERAT FRÅ EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE I VALLDAL IL 27.10.2016

## Sak 1. Godkjenning av innkalling og saksliste.

Godkjent.

## Sak 2. Val av ordstyrar.

Einar Hoel er valt til ordstyrar.

## Sak 3. Val av skrivar.

Magne Eivind Glomnes er valt til skrivar.

## Sak 4. Val av to til å skrive under møteboka.

Jan Ole Fuglem og Aksel Indreeide skriv under møteboka.

## Sak 5. Omlegging av lysløypa

Einar oppsummerte historikken for lysløypa i høve til hytta ved brinken.

Det har vore ulike festarar, men frå 1988 har Arne Bjørn Aase hatt feste. Han kjøpte tomta i 2009 og kort tid etter krevde han at lysløypa ikkje kan gå over eigedomen trass i at idrettslaget har hatt denne retten i alle år. Fleire forsøk på avtalar ved hjelp av advokat har ikkje ført fram. Det har også vore vurdert kjøp, men dette har styret vurdert som lite aktuelt.

I august 2016 vart det varsla at det vert teke ut stevning mot Valldal idrettslag.

For å unngå rettssak er det no vurdert å legge om lysløypa med tur/retur løype i bakken ut frå stadion. Det må lagast ein mur ned mot stadion. Kostnadsramma på denne omlegginga er på kr. 302.500. Dette kan finansierast ved spelemidlar, eigendel og evt. kommunalt tilskot.

Det vert samtidig foreslått å lage skileikområde frå brinken mot elva. Dette kan også søkast om spelemidlar til som eit nærmiljøanlegg i tillegg til gåvemidlar.

Valldal IL vil fortsatt påpeike retten til å gå over brinken, men vel no ei løysing med omlegging av løypa.

### Vedtak:

1. Lysløypa vert lagt om for utgang-inngang på Valldal stadion med tur-retur løype.  
Trase må utvidast i samsvar med utarbeidd plan.
2. Kostnad inntil kr 300.000 inkl mva, vert finansiert med spelemidlar, eigne midlar/dugnad og eventuelt kommunalt tilskot
3. Mindre skileikområde ved Valldal stadion, kostnad inntil kr 93.750 vert godkjent i samsvar med plan.

*Jan Ole Fuglem*

Jan Ole Fuglem

*Aksel Indreeide*

Aksel Indreeide